

Kobling er ein digital læringsressurs i naturfag og matematikk der målet er å kopla saman realfaga med programmering og skapande aktiviteter i musikk og kunst og handtverk. Hovudmålgruppa er elever på ungdomstrinnet, men kan og bli brukt av elever på VGS. Ressursen inneheld filmar, quizar, diskusjonsoppgåver og ei nedlastbar elevbok med fagtekster og undervisningsopplegg.

Filmane handlar om matematikk- og naturfagsbegrep, samt programmeringbegrep og praktisk bruk av programmering. Quizar og diskusjonsoppgåver høyrer til kvar av filmane. Dei har og klare referansar til dei mest relevante undervisningsopplegga. Nedst på sida finn de fleire nyttige lærarressursar. Hausten 2022 blir ressursen utvida med filmar og opplegg som er meir spesifikt retta mot kompetansemål på VGS.